



**Møtebok**  
**IS Fjordvegen Rute 13**  
**Styremøte 18.02.2016**  
**Stad: Scandic Airport Hotel, Kokstad**  
**Klokka 10:00 – 14:00**

**Møtte:** Marta Finden Halset, Torkel Myklebust, Bjørn Laugaland, Marthe Hammer, Anders Ryssdal.

**Forfall:** Sigbjørn Hauge, Arne Bergsvåg, John Opdal

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**Sak 01/16    Årsmøtesaker, førebuing:**

**Vedtak:**

- Årsmelding  
      Merknad i styremøte: Orientera om oversending av attraktivitetsanalyse samt korleis denne har vore handsama i selskapet og hos medlemskommunane. Elles vart årsmelding godkjent
- Rekneskap  
      Framlagt rekneskap vart godkjent
- Kontingent 2016

Styret føreslår slik kontingent 2016:

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 35.000
Medlemskategori 2: Næringssselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 10.000
Medlemskategori 3: Næringssselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Fylkeskommunar	kr 100.000

- Val  
      Leiar av valnemnd er kontakta og vil leggja fram valnemnda si innstilling på årsmøtet.

**Sak 02/16    Årskonferansen 2016. Myrkdalen Hotel, Vossestrand 14.04.2016**

- Status – orientering

Styret drøfta justeringar av program/invitasjon. M.a. ta ut Tema/overskrift:

**Fjordvegen – ei sterk stamme med mange greiner:** Korleis nytta alle dei innkomande og kryssande vegane til å styrka regionen?

Styret drøfta om det bør gjerast framstøyt som lesarinnlegg/kronikk i lokalaviser før Årskonferansen. Innhaldet må fokusera på påverknad ift ny NTP. Hanne koordinerer.

Hanne vert beden om å invitera vegdirektøren til å delta i panelet. Evt. kontakta Helge Eidsnes om Gustavsven takkar nei.

**Sak 03/16      Analyse-scenario Reiselivet i Fjordvegregionen etter opning av Ryfast 2019.**

**Vedtak:**

Styret i I/S Fjordvegen bed administrasjonen snarast gå vidare med skissa og viste målsettingar for analyseprosjektet Reiselivet i Fjordveg-regionen etter opninga av Ryfast.

Administrasjonen søker Vestlandsrådet om finansieringsstøtte til prosjektet. Parallelt tar Administrasjonen kontakt med andre finansieringskjelder for å sondera moglegeheiter for medfinansiering.

**Sak 04/16      Skredsikringsbehov for riks- og fylkesveggar i Region vest.**

Særskilt fokus på Rv 13.

Skype-møte med Guro Marie Dyngen, Statens vegvesen.

Guro Dyngen deltok på Lync og redgjorde for prinsipp knytta til vurdering av skredfaktorar. Presentasjon vert oversendt til styret.

**Sak 05/16      Prosjekt Brattlandsdalen – Status**

Torkel Myklebust orienterte om status for prosjektgjennomføring:

- Ryfylke IKS har Prosjektleiingar
- Plan om å få levert sluttrapport før utgangen av 2016
- Prosjektperiode kan då reduserast frå 4 til 2 år.

**Sak 06/16      Plan for Profilering og samarbeide 2016 – v/ Hanne Sundbø**

- Drøsen vert omarbeidd. Hanne ber om innmelding av saker
- Plan for beredskap for handtering av utspel frå IS Fjordvegen ifm med offentliggjerung av fagetatane sine innspel til NTP. Styreleiar og Hanne lagar plan for dette.
- Rekruttering: Visit Voss og SMB Hardanger er «under arbeid». Kommunane Leikanger, Sogndal og Høyanger bør kontaktast direkte.
- Hanne har dialog med Nasjonal Turistveg vedr. endring av trase i Ryfylke.

**Sak 07/16      Plan Påverknadsarbeid 2016 – v/ Jostein Eitrheim og Hanne Sundbø**

- Bjørn Laugaland og Hanne Sundbø har hatt møte med Forsand kommune vedr. medlemskap i IS Fjordvegen.
- Hanne Sundbø og Bjørn Laugaland har halde orientering i Samferdsleutvalet i Rogaland fylkeskommune.

**Sak 08/16      Fast post: Gjennomgang av status for Rute 13.**

- Bjørn Laugaland: Hjelmeland kommune vil gjera vedtak om lang Årdalstunnel. I denne saka er det reist motsegn frå SVV.
- Torkel Myklebust: Rødsliane: Plan er klar. Kan gå inn i NTP

- Anders Ryssdal: **Fv. 92 Framfjorden - skredsikring langs vegen eller sidearm til Vikafjellstunnelen**

**Behandling 24.11.2015 i Hovudutval for samferdsle S & Fj fylkeskommune:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at skredsikring av fv. 92 til Framfjorden og bygging av Vikafjellstunnelen bør løysast som to separate prosjekt. Fylkestinget går difor ikkje inn for bygging av sidearm til Vikafjellsvegen som skredsikring av vegen til Framfjorden.

2. Endeleg løysing for rassikring av fv. 92 langs Arnafjorden må vurderast i samband med revisjon av Regional transportplan

**Sak 09/16    Meldingar**

**Vedtak:**

Meldingane vert tekne til vitande.

Jostein Eitrheim  
sekretær